

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		15.10.2020

Folkebiblioteka sine behov for tenester frå fylkeskommunen

Forslag til vedtak:

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek til gjerande undersøkinga som syner at dei kommunale folkebiblioteka har behov for fylkeskommunen sine tenester på bibliotekfeltet.
2. Fylkeskommunen skal nytte kunnskap frå undersøkinga som grunnlag for prioriteringar, utvikling og gjennomføring av ein sterk og relevant regional bibliotekpolitikk i Vestland.

Samandrag

Folkebiblioteka har gjennomgått store endringar dei siste åra, særskilt knytt til digitale bibliotektene-ster og til oppdraget som uavhengig møtestad og arena for offentleg samtal og debatt. Fylkeskom- munen sine oppgåver er endra frå fokus på distribusjon av bøker til tenesteyting og regional bibliotekutvikling. Ut frå desse endringane i kombinasjon med nye fylkes- og kommunegrenser, har det vore ønskjeleg å kartlegge status for biblioteka i fylket og bli kjend med behov for tenester frå fylkeskommunen. I april 2020 vart det gjennomførte ei spørjeundersøking til bibliotekleiarane i fylket. Generelt kjem det fram eit stort behov for fylket sine tenester på bibliotekområdet, både når det gjeld rådgjeving, utvikling, kompetanseheving og regional infrastruktur.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Anne Haugen Pihl
konst. seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg: Utvalde resultat frå spørjeundersøking til bibliotekleiarane i Vestland

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Folkebiblioteka har gjennomgått store endringar dei siste åra, særskilt knytt til digitale bibliotektenester og til oppdraget som uavhengig møtestad og arena for offentleg samtale og debatt, som vart nedfelt i formålsparagrafen til Lov om folkebibliotek i 2014. Dette har ført til ein radikalt endra arbeidskvardag og nye forventningar til kompetanse og tenester i biblioteka. Biblioteka har over tid vore i ei endringsfase der dei har gått frå fokus på biblioteksamlinga til fokus på fellesskap og møte mellom menneske, til dømes gjennom arrangement.

Fylkeskommunen sine oppgåver i lova er endra frå fokus på distribusjon av bøker til tenesteyting og regional bibliotekutvikling. Bibliotekfagleg rettleiing og kompetanseutvikling er framleis blant dei lovpålagede oppgåvene.

Ut frå desse endringane i kombinasjon med nye fylkes- og kommunegrenser, har det vore ønskjeleg å kartlegge status for biblioteka i fylket og bli kjend med behov for tenester frå fylkeskommunen. I april 2020 vart det gjennomførte ei spørjeundersøking til alle bibliotekleiarane utanom Bergen, som ein vi ha dialog med på anna vis.

Spørsmåla i undersøkinga var relatert til bibliotektema i regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, og PREMISS: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025. Spørsmåla er også relatert til Nasjonal bibliotekstrategi 2020 – 2023.

37 kommunar svarte på heile undersøkinga, medan 4 kommunar svarte delvis, noko som gir ein svarprosent på 98. Undersøkinga var omfattande, med mange tema. I saka er fokus på behovet for tenester frå fylket generelt og på kompetanseheving. Tabellar med nokre av svara er vedlagt, heile [rapporten er publisert på fylkeskommunen sin nettstad](#).

Biblioteksamarbeid

Opprettig og vidareutvikling av interkommunale biblioteksamarbeid har i lang tid vore ein strategi frå fylkeskommunane si side for å utvikle biblioteka og skape lokale praksisfellesskap. I undersøkinga oppgjer 38 kommunar at dei er involverte i biblioteksamarbeid og at samarbeidet opplevast som nyttig i høve dei ressursane som blir nytt. Berre 3 kommunar oppgjer at dei ikkje er med i eit samarbeid. På spørsmål om korleis dei ønskjer å samarbeide etter regionreforma, ønskjer alle å halde fram med eksisterande samarbeid. 17 ønskjer i tillegg å danne nye samarbeid. Det er fleire større kommunar som ønskjer begge delar, og fleire mindre kommunar som vil halde fram som før.

Det kjem fram eit stort behov for fagleg innspel og blikk frå utsida i arbeidet med biblioteksamarbeid. Om lag like viktig er økonomisk støtte frå fylkeskommunen til samarbeida (Figur 1). Det er også stort behov for hjelp til prosjektutvikling/søknadsskriving (totalt 87%) og opprettig/vidareutvikling av felles nettstader for biblioteksamarbeid (totalt 63%).

Profilering /synleggjering

Ein tredjedel meiner dei i stor grad er synleg ovanfor brukarane sine, dei fleste andre meiner dei når fram i nokon grad. Bibliotekleiarane opplever å nå betre fram administrativt enn politisk. Det er vanskelegast å vere synlege ovanfor ikkje-brukaren og å synleggjere og posisjonerer seg ovanfor politisk leiing i kommunen (Figur 2)

Folkebiblioteka opplever tydelege utfordringar når det gjeld å gjere seg synlege og det er jamt over stort behov for auka kompetanse på synleggjering i biblioteka, spesielt synleggjering og posisjonering overfor politisk leiing. 95% treng dette i stor eller noko grad (Figur 3).

Prosjekt /utviklingsarbeid

Å delta i prosjekt er ein viktig måte å skape endring, utvikling og kompetanseheving i biblioteka. Undersøkinga viser at 85 % av biblioteka har delteke i prosjekt dei siste 3 åra. Dei aller fleste opplever prosjektdeltaking som nyttig, berre 13 % meiner det berre har noko nytt. 92% ønskjer hjelp frå fylkeskommunen til finansiering av prosjekt, men mange ønskjer også hjelp til idéutvikling, å finne samarbeidspartar, søknadsskriving og rådgjeving undervegs i prosjektet (Figur 4).

Kompetanseheving

Å arrangere møter og kurs om bibliotekspørsmål er ei av hovudoppgåvene til fylket på bibliotekområdet og det er stor bredde i tilbodet. Bibliotekleiarane vart spurde om å prioritere mellom ulike måtar kompetanseheving skal gå føre seg (Figur 5). Svara viser at det er mest interesse for kurs med kort varigheit, konferansar/seminar, og nettbaserte kurs/webinar. Knapt halvparten ønskte nettbasert studie/fjernundervisning og deltaking i utviklingsarbeid (t.d. prosjekt).

Dei største hindringane for å delta i kompetanseheving er økonomi og travel arbeidskvardag. Andre store hindringar er reiseavstand og vanskar med å få vikar (Figur 6). Eit stort fleirtal svarar at digitale løysingar kan motverke hindringar for deltaking.

Bibliotekleiarane blei bedt om å prioritere mellom 15 ulike kompetanseområde (Figur 7). Det er størst behov for auka kompetanse på digitale teneste/nettstad, profilering/synleggjering og formidling. Det var litt lågare interesse for informasjonskompetanse, informasjonssøk og attfinning og prosjektarbeid/prosjektleiing.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Føremålet med undersøkinga var å kartlegge status for biblioteka i fylket og bli kjend med behov for tenester frå fylkeskommunen. Generelt kjem det fram at bibliotekleiarane i fylket ser stort behov for fylket sine tenester på bibliotekområdet, både når det gjeld rådgjeving, utvikling, kompetanseheving og regional infrastruktur.

Undersøkinga gir tydeleg svar på at fylkeskommunen må halde fram med utvikling og støtte til interkommunale biblioteksamarbeid, rettleiing og økonomisk støtte til prosjekt. Utfordringar når det gjeld å gjere seg synlege både ovanfor brukarar og politikarar kan løysast gjennom fylkeskommunen sin innsats på rådgiving, prosjekt, kompetanseutvikling og leiaropplæring.

Kommunane sine svar på undersøkinga konkretiserer vedtak i fylkestinget frå juni 2020 (PS 50/2020) om at Vestland fylkeskommune sin bibliotekpolitikk har som føremål å støtte og utvikle regional infrastruktur og tenester, jamne ut forskellar mellom biblioteka, og gje grunnlag for fagleg utvikling og gode nettverk i samarbeid med kommunane i heile fylket. Vidare vart det vedtatt at fylkestinget vil prioritere tiltak med utjamnande effekt, mellom anna ved å etablere tilskotsordningar som støttar fornying av biblioteklokale, tilskot til interkommunale og kommunale kulturprosjekt og kompetanseheving i samarbeid med kommunane.

Økonomi: Kunnskap frå undersøkinga vil vere grunnlag for prioriteringar i budsjettet for 2021.

Klima: Ikke relevant

Folkehelse: Tilgang til bibliotek er del av det ålmenne fokehesearbeitet

Regional planstrategi: Undersøkinga er relatert til bibliotektema i Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS:

KULTUR

Konklusjon

Gjennom spørjeundersøkinga har bibliotekleiarane i Vestland fått moglegheit til å gje innspel og tilbakemeldingar om lokale behov for fylkeskommunen sine tenester på bibliotekområdet. Generelt kjem det fram at bibliotekleiarane i fylket ser stort behov for fylket sine tenester på bibliotekområdet, både når det gjeld rådgjeving, utvikling, kompetanseheving og regional infrastruktur. Fylkeskommunen ønsker å nytte kunnskap frå undersøkinga som grunnlag for prioriteringar og for å finne ein samla veg vidare når det gjeld strategisk bibliotekutvikling i fylket.